

FIVAS

Solidaritetshuset
Kolstadgata 1
N-0652 Oslo, Norway

Tlf +47-22 98 93 25
e-post: fivas@fivas.org
www.fivas.org

Årsmelding 2015



Fiskarar påverka av Jirau-utbygginga i Mutum i Rondonia, Brasil, foto: Tora Systad Tyssen

Del 1: Innhold, arbeidsform og finansiering	
Arbeidsform:	side 2
Styret	
Tilsette	
Finansiering	
Del 2: Aktiviteter gjennomført i 2015	
I. Påverknadsarbeid	
Policyarbeid	side 4
Vatn og sanitær	
Energibistand og vannkraftprosjekter	
Følgning av prosjekt	side 5
II. Informasjonsarbeid	
Informasjonshenvendingar	side 6
Medieoppslag	side 6
Nettsider og nyheitsbrev	side 8
Arrangement	side 8
Studie- og prosjektreiser	side 10
III. Nettverksarbeid	
Møter/konferanser	side 11
IV. Organisasjonsarbeid	side 12

Arbeidsform

Arbeidet i Fivas er avhengig av frivillig engasjement. Arbeidsfeltet vårt er stort og for å kunne dekke dei viktigaste sakene er det essensielt at vi har ei aktiv gruppe frivillige medarbeidarar. Hovudvekta av det frivillige arbeidet gjerast av styret. I 2015 har mykje av styret sin kapasitet gått med til planlegging grunna den annonserte endringa i infostøtta. Styret og andre har og vore involvert i andre aktiviteter som gjennomføring av seminar og rapportskriving- og lansering.

Styret

Styret har i 2015 bestått av:

- Astrid Johanne Mikidadi (styreleiar)
- Miguel Utreras (nestleiar)
- Jørgen Magdahl
- Maren Olene Kloster
- Ingvild Nilsen
- Christian Haaseth
- Charlotte Teyler

Vara:

- Mariann Midbøe
- Elen Fatland (trakk seg mai 2015 grunna jobb hos løyvande myndigheit)

Det vart heldt sju styremøter og to styreseminar i løpet av 2015.

Tilsette

Fivas har i 2015 hatt to fulltidsstillingar. Jonas Holmqvist har vore dagleg leiar, medan Tora Systad Tyssen har vore informasjonsmedarbeider.

Finansiering

2015 fekk Fivas tilskot over informasjonsstøtteordninga frå Norad. I samsvar med tidlegare rammeavtaleordning (2011-2014) fekk vi 1,4 millionar kroner til informasjonsarbeid og drift. Omlag 230 000 er direkte knytt til tiltak, omlag 1 210 000 går til løn og drift. I tillegg til dette fekk Fivas i overkant av 80 000 kroner i momskompensasjon i 2015, og nokon andre mindre inntekter. Samla gjekk Fivas med eit overskot på 41 535 kroner i 2015.

Aktivitetar gjennomført i 2015

I. Påverknadsarbeid

Fivas driv i varierende grad direkte påverknadsarbeid. I 2015 har arbeidet vore knytt både direkte til norske aktørar som opererer ute, som Norconsult i Sarawak og Norsk Veidekke i Brasil, og til større internasjonale prosessar som utviklinga av nye berekraftsmål og Finansiering for utviklingsprosessen. Her har både arbeid gjennom nasjonale og internasjonale nettverk og kontakt med embetsverk og utviklingspolitisk leiing vore viktig.

Fivas har og vore i kontakt med Etikkrådet til Statens pensjonsfond utland i forbindelse med fondet sine investeringar i The Coca-Cola Company. Det har og i løpet av året vorte skrive ein rapport om fondet sine holdningar til berekraftig vassforvaltning og investeringar i Coca-Cola. Rapporten har vorte brukt i kontakten med Etikkrådet og i kontakt med stortingspolitikarar og med NBIM som forvaltar fondet. Fivas arrangerte i november ein paneldebatt med stortingspolitikarar om det aktive eigarskapet som verkemiddel for berekraft med utgangspunkt i rapporten. Fivas har og gjeve innspel på NBIM sitt reviderte forventningsdokument om vassforvaltning i løpet av året. I etterkant av ein gruvekollaps i Brasil i november 2015 kor selskap kor Oljefondet har investert i er eigarar, har Fivas etterspurt betre oppfølging frå NBIM si side.

I 2014 klagte Fivas inn Norconsult for det norske OECD-kontaktpunktet, og i 2015 gjennomførte vi ei vellukka mekling med leiinga i det norske konsulentselskapet om deira involvering i Sarawak Energy sine prosjekt i Sarawak, Malaysia. Etter å ha gjennomført ein dialog med kontaktpunktsleiar Ola Mestad som meklar, kom vi i slutten av juni med ei felleserklæring saman med Norconsult. Selskapet kom med nokre innrømmingar knytt til konsekvensanalysar, menneskerettsvurderingar og openheit. Om dette vert fulgt opp i framtidige rutiner er noko vi vil følge opp vidare i 2016.



Dagleg leiar i Fivas, Jonas Holmqvist, saman med leiar for det norske OECD-kontaktpunktet, Ola Mestad, og direktør i Norconsult, Per Kristian Jacobsen.

Etter å ha gjennomført studiereise til Jirau-prosjektet i den brasilianske delstaten Rondonia, oppretta Fivas kontakt med Norsk Veidekke i 2015 og starta ein dialog med dei om deira involvering i prosjektet. Vi har etterlyst betre rutiner for konsekvensanalyser, menneskerettsvurderingar og informasjonsinnhenting før selskapet går inn i nye prosjekt. Det har vore dialog med selskapet etter reisa og fleire møter i 2015 og i byrjinga av 2016. Veidekke ser ut til å ville styrke forhandsvurdering av nye prosjekt dei vurderer å gå inn i.

Fivas har og haldt fram ein god dialog med Statkraft og SN Power om deira prosjekt i utlandet, då særleg i Brasil, Nepal og Chile. Særleg sistnemnde land vil halde fram å halde eit auge med i 2016.

Fivas spelte inn forslag om styrka rapportering av eigarskapsutøvinga til NBIM i stortingshandsaminga av den årlige meldinga om Oljefondet. Fivas kom og med innspel på høyringa om statsbudsjettet for 2016 og foreslo fokus på desentralisert fornybar, vidareføring av Energy+-programmet, og frys i aukinga til Norfund. Fivas støa og det breie kravet om omgjerung av kuttet i informasjonsstøtta.

Policyarbeid

I 2015 fulgte Fivas sluttarbeidet med Finansiering for utvikling (FFD) og utviklinga av dei nye berekraftsmåla gjennom arbeid koordinert av ForUM. Også i år var det ei brei mobilisering mot regjeringas føreslåtte kutt i informasjonsstøtta.


Vatn og sanitær

Det viktigaste arbeidet på vatn og sanitær er granskinga av Oljefondet sitt eigarskapsarbeid knytt til berekraftig vassforvaltning i rapporten «Dead in the water» som vart begynt i 2014. Arbeidet har vist at sjølv om vatn er eit fokusområde for aktivt eigarskap for fondet er det vanskeleg å spore at det har gjort nokon skilnad i selskapa dei er investert i. Særleg gjeld dette i dei store selskapa The Coca-Cola Company og Nestle som vert trekt særleg fram i rapporten. Rapporten har vorte brukt i dialog med stortingsrepresentantar, til opne seminar og debattar. Påverknadsarbeidet vil halde fram i 2016. Coca-Cola Norge tok kontakt med Fivas i forbindelse med lanseringa i september, men har ikkje komme med svar på spørsmåla vi sendte dei kring funna i rapporten og Coca-Cola International si oppfølging når vi skriv 2016.

Menneskeretten til vatn og sanitær vart i 2015 inkludert i dei nye berekraftsmåla. Fivas har saman med internasjonalt sivilsamfunn pressa på for dette og har i etterkant av inkludering arbeidd vidare for at indikatorane som skal måle måloppnåing vert fleksible og gode. UD sin posisjon gjekk i løpet av 2015 frå å vere at vatn og sanitær ikkje skulle vere eit av dei prioriterte måla til å vere ein pådrivar for at det skulle vere eit eige mål.

Fivas har og i 2015 iverksett ein rapport om Norfund si investering i Kilombero-plantasjen som ser på vassbruket og konsekvens for lokalbefolkninga sin tilgang til vatn. Det ser ikkje ut til at vassbruken til plantasjonen vesentleg trugar lokalbefolkningas tilgang på vatn. Rapporten lanserast i mars 2016 og vil vere eit viktig innspel om investeringar og utvikling. Arbeidet med vassavtrykket av Norfund sine aktivitetar er prioritert i 2016.

Fivas har og fulgt Norsk Hydro sine investeringar og prosjekt i Brasil i samarbeid med lokale organisasjonar som hevdar at gruvene deira svekkar retten til vatn på bakken, særleg i delstaten Para der nær all bauxitten som Hydro brukar i Brasil kjem frå.



Energibistand og vannkraftprosjekter

Fivas har i 2015 etterspurt ein lova ny norsk strategi for bistand til rein energi frå utanriksdepartementet i etterkant av Riksrevisjonen sin gjennomgang i 2014. Vi arrangerte eit ulandsseminar med dette som tematikk i januar 2014 og då gav UD signal om at strategien ikkje var for langt unna. Den er imidlertid endå ikkje kome, og Fivas vil halde fram å følge den norske energibistanden framover.

Følgning av prosjekt

Fivas har i tillegg til å følge vidare opp Sarawak og Nepal frå 2014, i 2015 og fulgt Jirau-prosjektet i Brasil kor Norsk Veidekke har vore hyra inn som underleverandør.



Folkemøte i Vilau Jirau med mennesker påverka av Jirau-utbygginga i Rondonia i Brasil, foto: Tora Systad Tyssen

Fivas har i 2015 hatt kontakt med Statkraft om prosjekta i Sør-Chile dei har kjøpt seg opp i gjennom selskapet Pilmaiquen. Området er av stor betydning for mapuche-folket og dei planlagde utbyggingane er kontroversielle.

I starten av 2015 hadde Fivas møte med SN Power saman med Burmakomiteen for å snakke om SN Power sine prosjekt i Burma. Burmakomiteen bidrog med informasjon om konflikt og etniske spenningar i Burma/Myanmar. Burmakomiteen vurderte risikoen i området SN Power opererer som låg. Foreløpig ser det ut til å være få andre norske selskap i Burma. Norfund har vore interessert, men har ikkje offentleggjort nokon prosjekt i landet.

Gruver si effekt på vatn blei og løfta i byrjinga av 2015 då Fivas saman med andre organisasjonar sette fokus på Goldcorp si Marlin-gruve i Guatemala, kor Oljefondet er investert, og forureininga av vatn. Det vart skrive brev til NBIM og ein kronikk om forholda ved Marlingruva. NBIM svarte at dei hadde hatt dialog med eigaren av Marlingruva, Goldcorp, men dei svara ikkje på om dei hadde tatt opp berekraftsspørsmål i denne dialogen.

Fivas har i mindre grad enn tidligare følgt eit breidt tal prosjekt utan norsk involvering, men har vidareformidla internasjonale nyhende og andre organisasjonar si rapportering frå prosjekt på Nilen, Mekong, i Amasonas og på Kongo-elva.

I tillegg har Fivas hatt fokus på tørkesituasjonen i California, vassmangelen i Sao Paulo og på forholda nedstrøms for Theun Hinboun-kraftverket i Laos.

II. Informasjonsarbeid

Informasjonshenvendingar

Vi har svarta på informasjonshenvendingar frå journalistar, studentar og forskarar, både i Noreg og utlandet, om spørsmål relatert til prosjekt og tema vi arbeider med.

Medieoppslag

I 2015 har Fivas vore i media fleire gongar i forbindelse med fleire av tema vi jobbar med. I tillegg har vi fleire gongar vore i kontakt med journalistar som har trengt bakgrunnsinformasjon og tips til reportasjar.

Når	Medium	Tittel/tema	Journalist/ skribent/ kontakt	lenke
17. januar	TU.no	12 megadammer som endret verden - Men ikke nødvendigvis til det bedre	Per-Ivar Nikolaisen	http://www.tu.no/kraft/2015/01/17/12-megadammer-som-endret-verden
Veke 9	Ny tid	Om salineringsanlegg utvikla av studentar for DNV	Kim Bredesen	
26. februar	Kapital	Har gitt mest u-hjelp til Amerika – Om Norfund-evalueringa	Camilla Birkeland	
14. april	Kultur-huset (P2)	Tørke, vassmangel og California -	Heidi Rasmussen	http://bit.ly/1FJMUJ3
11. mai	Aftenposten	Kronikk: Hva er aktivt ved Oljefondets eierskap?	Kronikk saman med mellom anna LAG, Fian, Spire, Changema ker etc.	http://www.aftenposten.no/meningar/debatt/Hva-er-aktivt-ved-Oljefondets-eierskap-7996993.html
10. juni	Dagens næringsliv	Eierskapsarbeid i dødvanne? Om Oljefondet, Coca-Cola og vassforvaltning	Kronikk av Jonas Holmqvist	http://fivas.org/nyhetsklipp/eierskapsarbeid-i-dodvanne/
23. juni	Dagens næringsliv	Norconsult innrømmer risiko for brudd på menneskerettighetene		http://www.dn.no/nyheter/naringsliv/2015/06/23/1438/norconsult-innrømmer-risiko-for-brudd-p-menneskerettighetene
24. juni	World-Wire.com	Norwegian energy company refuses dialogue with Sarawak natives over dams		http://world-wire.com/2014/05/18/norwegian-energy-company-refuses-dialogue-with-

				sarawak-natives-over-dams/
24. juni	Scoop.co.nz	Norwegian consultant admonished over Sarawak dams		http://www.scoop.co.nz/stories/WO1506/SO0248/norwegian-consultant-admonished-over-sarawak-dams.htm
24. juni	Business-humanrights.org	Malaysia: Norwegian consultancy company Norconsult says it will be more transparent on involvement in dam planning in Sarawak, after OECD mediation		http://business-humanrights.org/en/malaysia-norwegian-consultancy-company-norconsult-says-it-will-be-more-transparent-on-involvement-in-dam-planning-in-sarawak-after-oecd-mediation
1. juli	Outlook Hindi	Norway Oil Fund asked to divest Coca Cola shares	Ajeet Singh	http://www.outlookhindi.com/business-and-economy/development/norway-oil-fund-asked-to-divest-coca-cola-shares-coca-colas-conduct-in-india-violate-funds-ethical-guidelines-2921
30. november	Dagbladet	Indiske landsbyledere vil kaste ut Coca-Cola	Sindre Granly Medalen	http://www.dagbladet.no/2015/11/29/nyheter/utenriks/india/coca-cola/42164269/
3. desember	Bistands-aktuelt	Damutbygging stanset i Malaysia	Jan Tystad	http://www.bistandsaktuelt.no/nyheter/2015/damutbygging-stanset-i-malaysia/
16. januar	Klassekampen	Om mapuche-motstand mot Statkraft si utbygging av Pilmaiquen	Sissel Henriksen	Ikke på nett
26. januar	Dagens Næringsliv	«Angrer på damprosjekt» - Om Norsk veidekke i Jirau-prosjektet og forsvinning av aktivist	Øyvind Finstad	http://www.dn.no/nyheter/naringsliv/2016/01/25/2148/Energi/angrer-p-damprosjekt
28. januar	Klassekampen	«Heimsøkt av korrupert partner» - Om Norsk veidekke i Jirau-prosjektet og forsvinning av aktivist	Camilla Skjær Brugrand	Ikke på nett

Nettsider og nyheitsbrev

I 2015 vart det lagt ut 35 eigenproduserte nyheitssaker på nettsidene. Det gjev eit gjennomsnitt på kring 3 saker i månaden. I tillegg er det lagt ut 18 nyheitsklipp som er linkar til mediasaker kor Fivas er kjelder eller temaet i saka er særleg relevant for Fivas sitt arbeid.

Det er sendt ut 9 nyheitsbrev med saker frå nettsida i perioden. Kwart nyheitsbrev inneheld minst tre eigenproduserte saker og vert gjerne supplert med relevante saker frå media eller som henta frå andre nettstadar. Det er 548 abonnentar på Fivas sitt nyheitsbrev.

Sosiale medier

Fivas er i dag tilstade på Twitter, Facebook og Slideshare, kor dei to førstnemnde er dei som er mest i bruk. Alle desse er integrerte inn i nettsida vår og lett tilgjengelege for brukarane.

Twitter har vi mest effektivt nytta til å kommunisere med politikarar og andre aktørar, i tillegg til å dele egne og andre sine saker. Gjennom Facebook har vi nådd aktivistar og andre interesserte. Her deler vi både egne saker og relevante saker frå inn- og utland. Vi brukar og sida i forbindelse med reiser for å dele bilete, møter og observasjonar. Fleire som er interesserte i arbeidsfeltet vårt og som vil vere frivillige i Fivas har teke kontakt med sekretariatet gjennom meldingstenesta på Facebook.

Nettsider

I mai 2015 lanserte vi nye nettsider. Dei nye sidene er langt meir funksjonelle og oversiktelege enn dei gamle, og har gjort jobben med å legge ut innhald langt lettare for sekretariatet. Sidene er utvikla i eit nytt publiseringsverktøy og er difor bygd opp att frå botnen av med betre oppbygging og organisering. Målet har vore å gje Fivas sine brukarar betre oversikt over våre prioriteringar og arbeidsfelt og lettare tilgang til stoffet dei er ute etter. Attendemeldingane vi har fått frå brukarar av nettsida er at dei nye sidene ikkje berre er finare enn dei gamle, men at dei og er lettare å manøvrere seg rundt på.

Nettsidene våre har hatt eit nokså jamnt besøk gjennom året. Vi har tydeleg auke dei første dagane etter at vi sender ut nyheitsbrev. Vi har fulgt besøkstala gjennom bruk av analyseverktøyet Google Analytics, men har grunna bytte av nettsideportal ikkje heilt fullstendige tal. Tala vi har er 11 456 besøk på nettsidene, ein nedgang på 1153 frå 2014. Det har vore 9208 unike brukarar, ein nedgang på 785 frå 2014. Talet på sidevisningar er 17 670, ein nedgang på 4148. Som sagt er ikkje dette fullstendige tal og vi manglar data for dei to første vekene etter at vi lanserte dei nye nettsidene våre då vi hadde mange besøkande. Det er difor grunn til å anta at dei faktiske tala er omtrent like som tala i 2014.

Arrangement

Dato	Arrangement	Stad	FIVAS' bidrag
10.02	Ulandsseminar i samarbeid med SAIH og SUM – Tema: Elektrisitet til alle – Høy spenning, lav effekt	Blindern	Medarrangør
8.9	Ulandsseminar i samarbeid med SAIH og SUM – Tema: Water as a human right – The Norwegian Sovereign Wealth Fund and Coca Cola	Blindern	Medarrangør
9.9	Lansering av rapport om Coca-Cola i India	Kulturhuset	Arrangør
9.11	Politisk debatt: Kan vi eie oss til en bedre verden? Politikerdebatt om ansvarlig eigarskap i Oljefondet	Kulturhuset	Medarrangør saman med Spire og Changemaker

I samarbeid med Senter for utvikling og miljø ved Universitet i Oslo (SUM) og Studentenes og akademiskernes internasjonale hjelpefond (SAIH) har vi arrangert **Ulandsseminaret** to gonger i 2015. Dette har gjeve oss høve til å heve viktige og interessante problemstillingar og nå ut til nye interesserte. Begge gongane har det kome over 60 deltakarar. Første gongen, i februar, tok vi opp elektrifisering og utvikling, medan vi andre gongen snakka om vatn som ein menneskerett, Coca-Cola og ansvarleg eigarskap i Statens pensjonsfond utland.



Det andre ulandsseminaret vart fulgt opp med lanseringsseminar for rapporten «Dead in the Water – Ethical Ownership and water management in the Norwegian Government Pension Fund Global» dagen etter, altså 9. september, på Kulturhuset i Oslo sentrum. Der prata Amit Srivastava frå India Resource Center om korleis Coca-Cola sine fabrikkar i India overforbrukar vatn på bakken, medan Jørgen Magdahl frå Fivas snakka om Oljefondet sine investeringar i det multinasjonale selskapet og korleis dette bryt med forventningane fondet sjølv har sett til berekraftig vassforvaltning.



Politikardebatt på Kulturhuset 9. november med Ola Elvestuen, Rasmus Hansson, Harald Sakarias Hansen, Torstein Tvedt Solberg og Siri Meling. Ordstyrar var Aksel Braanen Sterri, foto: Tora Systad Tyssen

9. november arrangerte Fivas saman med Spire og Changemaker ein politikardebatt på Kulturhuset kor vi utfordra norske stortingspolitikarar på i kor stor grad Oljefondet burde styrast med aktivt eigarskap. I panelet sat Ola Elvestuen (Venstre), Harald Sakarias Hansen (SV), Siri Meling (H), Torstein Tvedt Solberg (Ap) og Rasmus Hansson (MDG). Det var godt oppmøte, over hundre i publikum, og det var mange spørsmål frå salen til politikarane.

Studie- og prosjektreiser

Rondonia, Brasil

Norsk Veidekke gjekk i 2011 inn i ei kontrakt med Camargo Correa om å levere asfaltkjerner, rådgjeving og ekspertise i forbindelse med utbygginga av Jirau-anlegget i delstaten Rondonia på grensa til Bolivia. Dette er ei utbygging som har ført til mykje uro og skuldingar om brot på arbeidarrrettar, manglande konsultasjonar, manglande kompensasjonar for tap av fiskemoglegheiter og landbruksjord, store miljødeleggingar og brot på forutsetningar sett frå det brasilianske miljødirektoratet.

For å nøste opp i og kartlegge nokre av desse skuldingane reiste dagleg leiar og informasjonsmedarbeider til Brasil i 2016. Etter å ha hatt nokre møter i Sao Paulo med rørsla for dampåverka mennesker (MAB) og ein brasiliansk journalist som har skrive om dei politiske, økonomiske og sosiale verknadane av utbyggingane, reiste dei så vidare til Rondonia kor dei møtte dampåverka mennesker i delstatshovedstaden Porto Velho, i landsbyen bygd for dei tvangsflytta, Novo Mutum, i byen kor arbeiderane på utbygginga bur, Jaci og i landsbyar som har etablert seg fordi tvangsflytta mennesker ikkje har ville bu i Novo Mutum. Ein av desse landsbyane var etablert på same område som dei tvangsflytta tidlegare hadde budd.

Besøket gav og høve til møte med fleire professorar ved Universitetet i Rondonia som arbeider med å kartlegge sosiale og politiske verknadar av vasskraftutbyggingane i området. Vi møtte og den føderale påtaleadvokaten i Rondonia, Raphael Luis Pereira Bevilaqua, som arbeider med å juridisk følge opp negative verknadar av utbygginga. I etterkant av reisa har Fivas hatt ein dialog med Norsk veidekke om deira involvering i prosjektet gjennom møter, informasjonsutveksling og epost.



III. Nettverksarbeid

I 2015 har Fivas delteke aktivt i nettverksarbeid både i Noreg og internasjonalt. I Noreg har nettverksarbeidet særleg vore forankra i arbeidsgruppene i ForUM. I tillegg har Fivas samarbeidd med ei rekke andre organisasjonar om enkeltsaker og –arrangement, som ulandsseminar og politisk debatt om Oljefondet. Fivas har og vore aktive i SLUG – nettverk for rettferdig gjeldspolitik og RORG. Vi dreg og mykje nytte av uformelle samtalar og samarbeid med dei andre organisasjonane på Solidaritetshuset, kontorfellesskapet vi er del av. Vi har hatt dialog og samspill med blant anna LAG, Regnskogsfondet, SAIH, Changemaker, Spire og Burmakomiteen om prosjekt vi følger i løpet av året. Fivas har vore representert i valgkomiteen i RORG (vår 2015) og styrevel i ForUM i løpet av året.

Internasjonalt har vi haldt fram samarbeidet med den internasjonale vassrørsla kring utviklinga av dei nye berekraftsmåla og oppfølginga av desse. Vi fulgte utviklinga av Finansiering for utvikling-forhandlingane gjennom ForUM-samarbeidet og gjennom tett kontakt med eit internasjonalt nettverk av sivilsamfunnsorganisasjonar. I september deltok informasjonsmedarbeider på eit nettverksmøte med fleire samarbeidsorganisasjonar i Barcelona i forbindelse med Global Water Operators Partnership Alliance-konferansen, kor ho og deltok. Ho var og i møte med FN sin spesialrapportør på vatn, Leo Heller, og snakka med han om indikatorar for det nye berekraftsmålet på menneskerettane til vatn og sanitær. I august var styremedlem Charlotte Teyler på Stockholm Water Week for Fivas.



Informasjonsmedarbeider Tora Systad Tyssen og andre sivilsamfunnsrepresentantar på GWOPA saman med FN sin spesialrapportør på vatn Leo Heller.

Vi har og oppretthaldt eit tett samarbeid med SAVE Rivers og Bruno Manser funds om Sarawak i forbindelse med meginga med Norconsult gjennom det norske OECD-kontaktpunktet. Ein annan organisasjon som har haldt fram som ein viktig samarbeidspartner er International Rivers. Vi har og oppretthaldt kontakt med sivilsamfunnsaktivistar i Nepal i etterkant av studiereisa vår dit i slutten av 2014. I forbindelse med reisa til Brasil i august 2015 knytte vi sterkare band til den brasilianske rørsla for dampåverka mennesker, MAB, eit samarbeid og ein kontakt som kjem til å vere svært relevant for vidare arbeid med norsk involvering i Brasil.

Møter/konferanser

I 2015 deltok Fivas mellom anna på desse møta og konferansane:

Dato	Arrangement	Sted/arrangør	FIVAS rep.
8.01.	Møte om SN Power sine prosjekt i Myanmar	SN Power (Fivas)	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider
6.02.	Lansering av Norfund-evaluering	Norad (norad)	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider
16.02.	Seminar om menneskerettsmeldinga	Stortinget (Venstre og KN)	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider
18.03.	ForUM-møte om arbeid med Norfund	ForUM (Forum/Fivas)	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider
24.03.	Verdas vassdag, arrangert av NIVA	Forskningsparken (Niva)	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider

26.03.	Møte om Informasjonsstøtten	Norad (Norad)	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider
04.-05.05.	Høyring i Stortinget om den årlige Oljefondsmeldinga	Stortinget (Stortinget)	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider
23.06.	Signering av meklingsresultat med Norconsult	UD (Kontaktpunktet)	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider
5.8.	Møte med Statkraft om prosjekta i Brasil	Statkraft (Fivas)	Dagleg leiar og Elen Fatland
17.9.	Møte med Brigadister fra MAB og MST	Solidaritetshuset	Dagleg leiar
01.10.	Møte med medlemmer av det nye Etikkrådet	ForUM (ForUM/Etikkrådet)	Informasjonsmedarbeider
13.10.	Møte med Veidekke	Veidekke (Fivas)	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider
22.10.	«Hvordan skape gode jobber?» - om investeringar og jobbutvikling.	Håndverkeren (Forum mfl.)	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider

Gjennom året om lag 20 møter i Forum for Utvikling og miljø om Post 2015, CSR, investeringar og anna. Meklingsmøter med Norconsult ikkje satt opp, eit utval av møte med vasskraftselskap er satt opp.

Foredrag

Dagleg leiar bidrog med innlegg om vassprivatisering i Dar es Salaam i panel på NIVA si markering av verdas vassdag.

IV. Organisasjonsarbeid

Styret er dei viktigaste frivillige i Fivas. I 2015 har vi arbeid med å rekruttere fleire frivillige medarbeidarar til Fivas. Særleg på vårparten hadde vi ein jamn straum av interesserte, studentar og frivillige som har teke kontakt for å vere med på aktivitetar, få hjelp til research og forskning og høyre meir om arbeidet vårt. Vi inviterer dei som tek kontakt til eit personleg møte slik at vi kan verte betre kjend og få kartlagt kva interesser og kompetanse dei har. Vi prøver så langt det let seg gjere å gje folk konkrete arbeidsoppgåver eller utfordringar tilpassa deira engasjement, slik som oppgåveskriving eller å vere med på å arrangere seminar. I tillegg brukar vi andre arrangement vi arrangerer til å kome i kontakt med nye potensielle frivillige medarbeidarar.

V. Styrets signaturer

Astrid Johanne Mikidadi (styreleiar)

Miguel Utreras (nestleiar)

Jørgen Magdahl

Maren Olene Kloster

Ingvild Nilsen

Christian Haaseth

Charlotte Teyler

Tøyen, 16. mars 2016